

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknader frå Sunnfjord Energi AS og Nordkraft AS om løyve til bygging av Jølstra kraftverk i Jølster kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar, til sakspapira som vi har lasta ned via internett, og til folkemøtet i Eikås ungdomshus 16.06.2014, og takkar for at vi fekk utsett høyringsfristen. Fråsegna vår er basert på Søknadane med vedlegg, info gitt på folkemøtet og henta via Internett, og eigen kunnskap om området. Grunna den samla storleiken på sakene, har vi ikkje hatt tid til å vurdere dei så grundig som vi skulle ønskje, men vi skal prøve å få fram det viktigaste, sett frå vår synsstad.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå <http://sognogfjordane.turistforeningen.no/>) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.986. Jølstra kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://istur.no/>

Generelle opplysningar om, og synspunkt på, utbyggingsplanane i Jølstra:

Planane om ei stor utbygging av Jølstra har eksistert i mange år. Alt for 10 år sidan (21.08.2004) presenterte dåverande Adm. dir. Per Storegjerde i Sunnfjord Energi utbyggingsplanar i eit intervju med avisa Firda. Sjå Vedlegg 1 med kopi av dei 3 aktuelle sidene av avisa.

Den gongen var det snakk om ei utbygging mellom Jølstravatnet og Movatnet med ei fallhøgde på ca. 165 m (mellom ca. kote 207 og 42), eller ca. 25% meir enn den fallhøgda på 131,8 m (frå Tongahølen) som Sunnfjord Energi planlegg i dag.

Direktøren la stor vekt på at ein ved ei eventuell utbygging måtte ta omsyn til andre interesser, inklusive miljøinteressene. (Les heile intervjuet for å få full informasjon.) Kanskje kom dette aller tydelegast til uttrykk gjennom dette sitatet frå Intervjuet:

«Avhengig av vassmengda ein finn å kunne sleppe gjennom systemet, kan ein få ein kraftproduksjon på 100 – 150 GWh.»

Dette indikerer at ein planla ei svært varsam vassutnytting.

I dag planlegg Sunnfjord Energi ein produksjon på heile 209 GWh, trass i at fallhøgda er mykje lægre. **Dette betyr at Sunnfjord Energi no planlegg ei vassutnytting som er i storleiksorden dobbelt så stor som den dei planla i 2004!**

Med den varsame vassutnyttinga ein planla i 2004, ville det vore rom for at både dei kommersielle interessene for rafting med tilhøyrande ringverkandar, og dei ålmenne interessene for elvepadling, fiske, anna friluftsliv, reiseliv, landskap, biologisk mangfald m.m., kunne vorte ivaretekne på ein brukbar måte sjølv om det vart kraftutbygging. **Ei slik utbygging ville kanskje vore akseptabel.**



Det både Sunnfjord Energi og Nordkraft no har konsesjonssøkt, er ei tilnærma maksimal utbygging der nær sagt alle andre interesser enn utbyggarinteressene vert sette til side:

- Den framgangsrike gründerverksemnda Jølster Rafting må leggest ned (sa dei sjølve på folke-møtet 16.6.2014,) fordi elva ikkje lenger vert brukbar for rafting. Utbyggarane stadfesta at kommersiell rafting og kraftutbygging ikkje kan kombinerast. I tillegg til tapet av arbeidsplassane i Jølster Rafting, betyr dette også negative ringverknadar for ei rekkje andre reiselivsverksemder, primært i Jølster og Førde. Det finst ingen andre gode raftingelvar i regionen. I Stardalselva (som er mykje mindre attraktiv,) er det gitt konsesjon til utbygging.
- Jølstra vert tilnærma heilt øydelagd for elvepadling bortsett frå i flaumsituasjonar. Jølstra har stor nasjonal verdi for elvepadling, og er også ganske godt kjend internasjonalt. Sjå vedlegg.
- For fisk og fiske er dei planlagde minstevassføringane så små at tilhøva på utbyggingsstrekninga vert mykje dårlegare enn i dag.
- I landskapet vert Jølstra på utbyggingsstrekninga berre «ein skugge av seg sjølv». Store delar av elvestrekninga er svært godt synleg, mellom anna frå E-39 og frå nærliggande turområde.
- Biologisk mangfald vert skadelidande. Mellom anna gjeld det den raudlista vasshalemosen.

Konklusjon: Begge dei omsøkte utbyggingane er fullstendig uakseptable! Konfliktane med ålmenne interesser, inklusive miljø, og med andre næringsinteresser, vert altfor store.

Fordelane med utbygginga vert klårt mindre enn ulempene! Ei utbygging med tilsvarande vassuttak som det som var planlagt i 2004, kunne kanskje vore akseptabel, men ei slik utbygging er ikkje konsesjonssøkt.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

I sum gir dei to komplette fagutgreiingane om friluftsliv god informasjon om friluftslivet i området. (Det som står i sjølve konsesjonssøknadane er ikkje godt nok.) Rafting, elvebrett, elvepadling og fiske er dei viktigaste aktivitetane. Vanleg turgåing er viktig i den øvre delen av utbyggingsområdet. Utgreiinga frå Nordkraft AS gir spesielt god informasjon om kva vassføringar som trengs for å drive rafting. NB! Dette er vassføringane på Vassenden. For å «omsette» desse til kva minstevassføringar som må sleppast forbi inntaket, må det leggest til anslagsvis 2 m³. For å kunne drive «skikkeleg» rafting på utbyggingsstrekninga, må det sleppast ei minstevassføring på minimum 30 – 32 m³.

For rafting, elvebrett og elvepadling finst det ikkje alternative elvar i regionen av nokolunde tilsvarande kvalitet. Stardalselva (den har dårlegare kvalitet og mykje mindre stabil vassføring enn Jølstra) har vore ein del brukt til rafting, men no er det gitt konsesjon til utbygging av ein stor del av raftingstrekninga. For elvepadling har ein Bøyalelva i Fjærland (farleg, med 2 dødsulukker) og Storelva i Breim som (betydeleg dårlegare) alternative elvar. Begge desse er konsesjonssøkte, og har kome langt i sakshandsamingsprosessen. For fiske og vanleg turgåing finst det alternative område.

Merknad til Sunnfjord Energi/Norconsult si konsekvensutgreiing:

Verdsettinga for friluftsliv – Stor - er ikkje i samsvar med DN-handbok nr. 18-2001. **Den korrekte verdien er Svært stor.** Som eit resultat av dette, skal **konsekvensen vere Svært stor negativ.** (NB! I Nordkraft/Rådgivende Biologer si konsekvensutgreiing er konsekvensen for «Andre vassbaserte aktivitetar» (=rafting, elvebrett, elvepadling) heilt korrekt sett til «Meget stor negativ»!)

Grunngjeving: Om området er Svært mykje brukt i dag, eller om det «berre» er Mykje brukt, er eit skjønsspørsmål. For rafting går i alle fall utviklinga i retning av Svært mykje brukt. Men det som 100% sikkert gjer verdien av området «Svært stor», er at «*Området er spesielt godt egnet for en enkeltaktivitet som det lokalt/regionalt/nasjonalt ikke finnes alternative områder til av noenlunde tilsvarende kvalitet.*» Både rafting, elvebrett og elvekajakpadling kjem inn under dette punktet.



Tilleggsinfo om turgåing:

Både på nordsida og sørsida av den planlagt utbygde delen av Jølstra er det svært viktige turmål. På nordsida har ein Eikåsnipa (og Høgeheia). I Indre Sunnfjord Turlag si turbok på Eikåsnipa var det i 2013 2.720 namn. Ettersom ein del folk erfaringsmessig ikkje skriv seg inn i turbøkene, var det reelle besøkstalet høgst sannsynleg noko over 3.000.

På sørsida, og enda nærare elva, har ein det viktige turmålet Halvgjerda. Der har vi fått opplyst at Jølster idrettslag har ein trimpost. Vi kjenner ikkje besøkstalet der, men reknar det som sannsynleg at det er i storleiksorden på same nivå som for Eikåsnipa. Indre Sunnfjord Turlag har ein fast årleg fellestur til Halvgjerda.

Særleg frå Halvgjerda ser ein «rett ned på» den planlagt utbygde delen av Jølstra, og det er heilt klart at med berre minstevassføring vil elva sjå svært «stusseleg» ut samanlikna med i dag. Naturopplevinga vil bli skadelidande av det. (Men det er sjølvsagt for rafting, elvebrett, elvekajakk og til dels for fiske, at dei negative konsekvensane for friluftsliv vert størst.)

Dette fotoet frå Halvgjerda gir ein peikepinn om korleis utsikten ned mot elva er der, sjølv det berre har med den øvre delen av utbyggingsområdet, frå inntaket og nedover til og med delar av Eikås.

NB! Fotoet er lasta ned frå NRK Sogn og Fjordane sine nettsider. Foto: Kjell Arvid Stølen / NRK.
Link til sida som inneheld fotoet: http://www.nrk.no/sognogfjordane/kvar-er-dette_-1.6374916



Kommentarar til utbyggingsplanane:

Hovuddata for utbyggingane: Sunnfjord Energi opererer med ei middelvassføring ved inntaket på 30,83 m³/s medan Nordkraft opererer med 32,5 m³/s. Denne skilnaden har si forklaring i at dei to utbyggarane har lagt til grunn ulike referanseperiodar for sine utrekningar, så den skilnaden er OK.

Men det som vi reagerer ganske sterkt på, er at Nordkraft, som legg til grunn den høgste middelvassføringa, samstundes opererer med dei klårt lågaste tala for Alminneleg lågvassføring, 5-persentil vinter og 5-persentil sommar. Tala er slik:

Middelvassføring:	Sfj Energi:	30,83 m ³ /s	Nordkraft:	32,50 m ³ /s	Diff:	+ 5,4%
Alm lågvassføring:	Sfj Energi:	4,40 m ³ /s	Nordkraft:	3,80 m ³ /s	Diff:	-13,6%
5-persentil vinter:	Sfj Energi:	4,14 m ³ /s	Nordkraft:	3,20 m ³ /s	Diff:	-22,1%
5-persentil sommar:	Sfj Energi:	19,00 m ³ /s	Nordkraft:	17,00 m ³ /s	Diff:	-10,5%

Vi vil seie det så sterkt som at vi ikkje finn det truverdig at ei høgare middelvassføring skal resultere i betydeleg lågare Alminneleg lågvassføring, 5-persentil vinter og 5-persentil sommar. Det er svært sannsynleg at enten Sunnfjord Energi eller Nordkraft sine tal er feil. Dessverre har ikkje vi kompetanse til å seie noko sikkert om kva for nokre tal som er feil, men **vi oppmodar NVE sterkt om å bruke sine fagfolk til å vurdere desse tala grundig!** Dette er viktige tal, mellom anna når det gjeld fastsetting av minstevassføringane. **Er det tvil, må dei høgste tala leggst til grunn!**

Reguleringar og overføringar: Viss NVE skulle tilrå konsesjon til bygging av eitt av (eller begge) dei konkurrerande Jølstra kraftverk-prosjekta, **ber vi om at NVE også vurderer endringar i reguleringsreglementet for Jølstravatnet om vinteren i perioden 1. oktober – 15. april.** (Om sommaren er det ingen regulering, og det er bra!) **Grunngjeving:**

Jølstraaren er ein av landets mest verdfulle aurestammar, og den er spesiell fordi den gyt (på grunt vatn) direkte i vatnet. Dette gjer at viss gytinga skjer når vasstanden er på/nesten på HRV, er det sannsynleg at store delar av rogn vert øydelagd viss vatnet seinare vert tappa ned til LRV. Vi har fått opplyst (men har dessverre ikkje dokumentasjon på det) at dette skjer enkelte år. Det er mogeleg at Kjøsnesfjorden kraftverk enkelte år kan gje auka vasstilførsel til Jølstravatnet på den tida då auren gyt, slik at det aukar sjansen for at ein får slike problem. Men andre år kan kanskje drifta av Kjøsnesfjorden kraftverk redusere desse problema. Dette vil truleg variere frå år til år. Med bakgrunn i dette, **ber vi NVE om å stille krav om at vasstanden i Jølstravatnet vert halden i nedre del av reguleringssona på den tida gytinga skjer.** Då vil ein unngå tørrlegging av rogn viss magasinet vert tappa ned etter gyting. Nøyaktig når gyteperioden er, kor mykje den varierer frå år til år, og kva maksimumsnivå vasstanden bør vere på når gytinga skjer for å unngå tørrlegging av rogn, må fagfolk med god kunnskap om jølstraaren, svare på.

Terskel og minstevassføringsarrangement: Det er viktig at terskelen over elva vert så låg som mogleg for å redusere vasstandshevinga i Tongahølen. Grunnane til dette er for ein stor del omtala i søknadane. Ein tilleggsgrunn er at viss vasstanden i Flugelona skulle auke ved store flaumar, så risikerer ein at delar av E39 vert sett under vatn. Når det gjeld høgda på terskelen, ser det ut som det er Sunnfjord Energi sitt prosjekt som har den beste løysinga.

For **rafting, elvebrett og elvepadling** er det viktig at overløpet over dammen vert utforma slik at utøvarane av desse formene for friluftsliv kan passere over dammen dei – dessverre få – dagane i sesongen då overløpet er stort nok til det. Tal slike dagar blir lågast for Sunnfjord Energi sitt prosjekt, fordi kraftstasjonen dei planlegg har 10 m³/s høgare slukevne enn den Nordkraft planlegg. Talet på dagar med stort nok overløp vert også redusert fordi mykje av flaumvassføringa går til oppfylling av magasinet til Kjøsnesfjorden kraftverk. Særleg gjeld det vår og sommarflaumane. NB! Viss det skal byggast gangbru over dammen, er det viktig at den vert bygd høg nok til at raftingflåtar kan passere - utan fare for passasjerane - også ved flaumvassføringar over dammen på opptil 70 m³/s som er oppgitt (i Nordkraft sin friluftslivsrapport,) som øvre grense for rafting.



For **fisk** er det viktig at dammen kan passerast ikkje berre nedover, men også oppover, slik at aure, inklusive storaure, som slepper seg ned forbi dammen, også kjem seg opp att! For å oppnå dette, må det truleg gjerast spesielle tiltak ved utforminga av dammen. Av konsekvensutgreiingane kan det sjå ut som nokre staurgyteområde i Tongahølen kan gå tapt. Viss dette fører til auke i talet på staurar som slepper seg lenger nedover i elva, blir det ekstra viktig at dei kan kome seg opp att!

Inntak: I utgreiingane er det opplyst at det truleg vert eit problem at aureyngel kan gå gjennom turbinane. For å redusere sjansen for dette, er det i tillegg til nedsenking av inntaksrista, også viktig at den vert mest mogeleg «finmaska» (og mykje meir «finmaska» enn det som er normalt for slike kraftverk.) for å redusere storleiken på fisk som kan kome gjennom, mest mogleg. Vi går ut frå at det finst god teknologi for fjernstyrt rensing av rista, slik at bruk av ei finmaska rist ikkje vert eit problem for drifta av kraftverket. Viss det i inntaket vert brukt 2 rister, der den første er grovmaska og den andre meir finmaska, risikerer ein (p.g.a. straumen i vatnet) at fisk vert fanga mellom dei to ristene. Det vil i så fall vere nesten like ille som at fisken går gjennom turbinane!

Vassveg: Bygging av ein vassveg utan tverrslag, vil vere ein fordel for å redusere inngrepa.

Kraftstasjonen: Installering av ein stor omløpsventil i kraftstasjonen er bra, og heilt nødvendig!

Installasjon: Ei slukevne i kraftstasjonen på 55 m³/s er dårlegare enn 45 m³/s, fordi det blir enda færre dagar med overløp over dammen, og dermed mindre variasjon i elva nedstrøms inntaket.

Elektrisk anlegg og overføringsleidningar: Slik vi tolkar det som står om transformeringskapasitet øvst på side 25 i Sunnfjord Energi sin konsesjonssøknad, er det sannsynleg at Jølstra kraftverk vil utløyse ekstra utviding av 132/420-transformeringskapasiteten på Moskog. Dette vil auke den reelle totalkostnaden for Jølstra kraftverk ganske mykje. Slike transformatorar er dyre! Dette er eit tilleggsargument mot bygging av Jølstra kraftverk. (Men dei viktigaste argumenta mot, er sjølvstøtt dei store konfliktane med dei ålmenne interessene og med næringsinteressene.) **Vi ber NVE innhente informasjon (frå Statnett) om kostnaden på utviding av transformator kapasiteten på Moskog.**

Minstevassføring: For at utbygginga kanskje skal bli akseptabel, må det i rafting-/padlesesongen sleppast ei minstevassføring over dammen på 32 m³/s, eller som eit absolutt minimum, 30 m³/s. (Det er då rekna med eit tilleggstilslig på 2 m³/s frå Vassenden, der vassføringane i dag vert målte, og til inntaket.) Vi konstaterer at ingen av utbyggarane ønskjer å sleppe så mykje vatn. **Konklusjon: Utbygginga er heilt uakseptabel!**

Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima: Det som øvst på side 37 i Sunnfjord Energi sin søknad står om små endringar i islegging på utbyggingsstrekninga, er for unyansert. I år med lange samanhengande kuldeperiodar, vil det som står, stemme godt. Men her på Vestlandet er det mest vanleg med mildvørsperiodar om vinteren, kanskje med regn opp til 1.000 m. I slike år vil mildvêret og den auka vassføringa i elva smelte mykje av isen som har lagt seg i elva. Særleg stor vil denne verknaden bli, viss Jølstravatnet ikkje er islagt, og det skjer i fleirtalet av åra. Viss utbygging, vil den auka vassføringa gå gjennom turbinane, og smeltinga av isen på utbyggingsstrekninga vil bli sterkt redusert. I slike år vil det kunne bli ganske mykje meir is på utbyggingsstrekninga enn det ein får i dag.

Elles konstaterer vi at det på elvestrekninga nedstrøms utløpet frå kraftstasjonen, og over Movatnet, vil bli meir frostrøyk enn i dag. Dette vil ramme Mo og Øyrane vidaregåande skule avd. Mo, og dei som bur rundt Movatnet. Det blir truleg verst for dei som bur ved austenden av vatnet, og for dei som bur i området nær brua der E-39 kryssar Movatnet. **På E-39-brua og - aller verst - i svingane inn på, og ut av brua, vil meir frostrøyk gjere det glattare og meir trafikkfarleg.**

Kommentarar til konsekvensane av utbygginga:

Landskap: Sitat frå side 57 i Sunnfjord Energi sin søknad: «*Det er stor kontrast mellom vannføringen i elva i sommarhalvåret og vinterhalvåret, og sommerstid er vannføringene ofte både strie og mektige, noe som bidrar til å gjøre en ellers nokså ordinær elv til noe spektakulært.*»

Dette sitatet synest vi illustrerer godt kva som vil skje med elva etter ei eventuell utbygging: Den elva som i sommarhalvåret er noko «spektakulært» som nokre hundre tusen passerande på E-39 legg svært godt merke til, vil bli forvandla til noko heilt ordinært. Middels til stor negativ konsekvens er heilt på sin plass! Vi meiner at Stor negativ konsekvens også kan forsvarast.

Naturmiljø, fugl: Sitat frå side 71 i Sunnfjord Energi sin søknad: «*Da Jølstra er en svært produktiv elv med høye vintertemperaturer og lite isdannelse antas den å være et velegnet område for fossefall og elva er trolig et kildeområde for arten som er viktig for å opprettholde bestanden i området.*»

Det er svært sannsynleg at det på utbyggingsstrekninga blir mykje meir islegging enn i dag, med dei konsekvensane det kan få i dette viktige området for fossefall. Det som i Sunnfjord Energi sin søknad står nedst på side 73 om konsekvensane for fossefall, er høgst sannsynleg feil. Den auka islegginga på utbyggingsstrekninga synest å vere klårt undervurdert. Men tilhøva vil sjølvsagt variere ganske mykje frå år til år. Det er store variasjonar i vintertemperaturane i vårt distrikt.

Naturmiljø, planteliv: Vi merkar oss at dei som har laga konsekvensutgreiinga for Nordkraft, har funne den raudlista Vasshalemosen på utbyggingsstrekninga i elva, medan dei som har laga den tilsvarende utgreiinga for Sunnfjord Energi, ikkje har funne den. Dette fortel noko om kor tilfeldig det kan vere om viktige raudlistearter vert funne – eller ikkje. For Vasshalemose er det så vidt vi veit kraftutbyggingar som er hovudtrugsmålet, og då er det viktig at den vert funnen!

Fisk og ferskvassorganismer: Det er sannsynleg at ei eventuell bygging av Jølstra kraftverk vil føre til endringar i måten magasinet i Jølstravatnet vert regulert gjennom vinteren. Kombinert med måten magasinet i Kjosnesfjorden kraftverk vert regulert på, kan endringane i reguleringa av Jølstravatnet bli ganske store. Dette kan - i verste fall - få betydelege negative konsekvensar for auren i Jølstravatnet, sjå det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegna. Så vidt vi kan sjå, er ikkje endringar av måten å regulere Jølstravatnet på, og konsekvensane dette kan få for fisk, omtala i nokon av søknadane. **Vi ber NVE om krevje ei tilleggsutgreiing av dette!**

Vi registrerer at det er usikkert kva konsekvensane vil bli for fisk som følge av hevinga av vasstanden i Tongahølen, og av den omfattande kanaliseringa i retning mot inntaket. Utgreiingane viser at både viktige gyteområde og viktige oppvekstområde for småfisk truleg vert sterkt påverka. Mellom anna vil ørkyte truleg bli favorisert framfor aureungar. Det er også betydeleg sjanse for at småfisk set seg fast/vertvert «fanga» i inntaket/inntaksristene og/eller havnar i turbinane.

I elva oppstrøms Movatnet, er strekninga mellom utløpet frå Stakaldefossen kraftverk og det planlagde Jølstra kraftverk viktig for fisk. Slik vi oppfattar det, er det her både viktige gyteområde og oppvekstområde, og vi saknar ei betre utgreiing av konsekvensane her. (Men vi må også tilstå at vi ikkje har lese absolutt alt som er skrive om fisk i dei to konsekvensutgreiingane, så det kan vere noko vi har oversett.)

Heile strekninga frå og med Jølstravatnet til og med Movatnet er viktig eller svært viktig for fisk. Inntrykket vi har fått av søknadane, er at konsekvensane for fisk dels er for dårleg utgreidde (gjeld mellom anna Jølstravatnet), dels er godt nok utgreidde, men at konsekvensane likevel er til dels svært usikre. Så usikre at **det er stor trong for etterundersøkingar etter ei eventuell utbygging.**

Konklusjon for fisk: Konsekvensane er så usikre, og fisken er så viktig i området, både for ålmenne og kommersielle interesser, at «Føre var-prinsippet» tilseier: Ingen utbygging!

Kulturmiljø: Vi går ut frå at Fylkeskommunen vurderer dette.

Ureining: På strekninga mellom inntaket og utløpet frå kraftstasjonen er det i dag truleg betydelege utslepp både frå bustadfelt og frå landbruk. Viss elva vert redusert til stort sett berre minstevassføring, må ein rekne med at tilhøva vil bli sterkt forverra. For oss synest det som dette ikkje er godt nok utgreidd. **Vi ber NVE om sterkt å vurdere å krevje ei tilleggsutgreiing der omfanget av dei eksisterande utsleppa er betre kartlagde.** Mellom anna bør det – på låge vassføringar – takast fleire prøver av elva på minst 5 ulike stader langs utbyggingsstrekninga. Ein prøvestad ved utløpet av Tongahølen, og så prøver nedstøms sannsynlege kjelder for utslepp på heile utbyggingsstrekninga, slik at ein på den måten kan prøve å danne seg eit inntrykk av storleiken på og konsekvensane av utsleppa på strekninga. Det som ut frå sakspapira ser ut til å vere klårt alt i dag, er at tilstanden på utbyggingsstrekninga er Mindre god. Etter ei eventuell utbygging vil den sterkt reduserte vassføringa føre til at tilstanden i elva blir enda mindre god, mest sannsynlegvis blir den Dårleg!

Friluftsliv: Vi viser til det vi har skrive om temaet på side 2 og 3 i fråsegna. Nokre tilleggskommentarar: Som det går fram av sakspapira er det ei rekkje gode fiskeplassar på den planlagt utbygde elvestrekninga. Dette inkluderer også ein spesielt god fiskeplass nedstrøms utløpet frå Stakaldefossen kraftverk. Sjølv om ikkje fiske er det vi i Turlaget driv mest med, er det ein viktig del av friluftslivet (også for mange av medlemmane våre) som det må takast godt vare på.

Når det gjeld elvepadling, viser vi til Vedlegg 2 og Vedlegg 3 (eigne pdf-filer) der vi har teke med utdrag av ein norsk elvepadleguide for Sogn og Fjordane, og ein internasjonal guide for Noreg. I begge desse guidane har Jølstra fått svært godt skussmål. I den norske Sogn og Fjordane-guiden er Jølstra sett opp som elv nr. 1. I den internasjonale guiden er Jølstra omtala som «*a must for fun paddlers*». I denne guiden er det også gitt eit heilt spesielt tips: «*For those who simply cannot live without a bit of WW V-VI in their day, an attempt at the Stakallefoss can be recommended. For this foss the gauge should be reading at least 180 cm.*» (Kommentar: WW V-VI indikerer svært høg vanskegrad. Elles er vanskegraden for Jølstra mellom III og IV+, sjå detaljar i den norske guiden.)

Når det gjeld alternative turområde for tradisjonell turgåing i Jølster, så vil vi nemne at fleirtalet av desse områda i større eller mindre grad er prega av kraftutbyggingsinngrep og/eller store kraftlinjer. I tillegg er det konsesjonssøkt eller gitt konsesjon til ei rekkje kraftutbyggingar i turområde. Når det gjeld rafting, så er det gitt konsesjon til utbygging av størstedelen av den elvestrekninga i Stardalselva som har vore/vert brukt til dette. Eitt av argumenta for at Stardalselva skulle kunne byggast ut, var at Jølster Rafting hadde eit betre og meir brukt alternativ i Jølstra.

Nærings- og samfunnsinteresser: Det er opplyst at kraftverket i driftsfasen vil kunne gje 2 – 3 nye årsverk til drift og vedlikehald. Men det er ikkje nemnt at nedlegging av Jølster Rafting vil gje eit tap av arbeidsplassar som er større enn dette. Tal arbeidsplassar i Jølster Rafting vil dessutan truleg auke i framtida, det vil ikkje talet på dei som jobbar med kraftverket.

Det er nemnt at tunnelmassane frå utbygginga kan brukast til industriområde m.m. Det er stemmer. Men på E-39 skal det byggast minst 2 nye, lange tunnelar. Enden av den eine av dei er i Moskogområdet. Tunnelmassen derifrå er eit godt alternativ til tunnelmasse frå kraftutbygginga. Viss kraftutbygginga kjem i tillegg til den vedtekne E-39-bygginga, kan totalmengda av massar bli så stor at det blir eit problem og ikkje ein viktig ressurs.



Kommunal økonomi: Viss den noverande regjeringa får det som dei vil, vil Jølster kommune neppe eksistere på det tidspunktet då Jølstra kraftverk eventuelt blir sett i drift. Inntektene frå utbygginga vil då «gå inn i det store sluket» i ein storkommune. Det Jølster vil sitte igjen med i driftsfasen, er tapte arbeidsplassar i Jølster Rafting, og eit sannsynleg tap av arbeidsplassar som følgje av at ringverknadane til andre delar av reiselivsnæringa i Jølster vil forsvinne. Grunneigarane på utbyggingsstrekninga vil få auka inntekter. Ettersom Sunnfjord Energi (ifølgje det som har stått i media) er mindre villige til å betale grunneigarane enn det Nordkraft er, er det ukjent kor store grunneigarane sine inntekter vil bli.

Reiseliv: På side 106 i Sunnfjord Energi sin konsesjonssøknad, er berre 2 (Jølstraholmen og Jølvassbu) av dei 3 campingplassane på Vassenden omtala. **Solrenning Camping**, som ligg ved utløpet av Gjesdalselva eit kort stykke aust for Jølvassbu, **er ikkje omtala**. I storleik går vi ut frå at Solrenning er nr. 2, klårt større enn Jølvassbu. Jølster Rafting brukar Solrenning Camping som sin base, og Solrenning er derfor den av campingplassane på Vassenden som truleg vil tape mest på ei eventuell utbygging av Jølstra. Vi er forundra over at Sunnfjord Energi har så dårleg lokalkunnskap at dei ikkje har fått med seg eksistensen av Solrenning Camping!

I punkt 18.2.3 på side 107 i Sunnfjord Energi sin søknad står det mellom anna følgjande:

«Kraftutbyggingen vil føre til at den lokale reiselivsbedriften Jølstra rafting mister sitt hovedprodukt, og i verste fall at også andre reiselivsbedrifter i området mister gjester som i dag reiser dit for å rafte og padle.»

Kommentar: Slikt som dette («i verste fall»!) kan ein vel berre lese i ei konsekvensutgreiing der det er ein utbyggar som er oppdragsgjevar. **Det er trist/ille å lese slikt!** Faktum er at det er heva over all rimeleg tvil at ei eventuell utbygging vil føre til at andre reiselivsbedrifter i området vil misse mange gjester. Dette burde gå fram av konsekvensutgreiinga! Det einaste usikre er kor mange gjestedøgn dei vil tape. Vert det meir eller mindre enn 1.000 gjestedøgn årleg, til dømes?

Viss ein reknar med at annakvar (det er truleg fleire) av dei som raftar har eit gjestedøgn, er ein godt på veg oppover mot 1.000. Legg ein til elvepadlarane, som så å seie alle er tilreisande, og som truleg overnattar fleire netter, mellom anna fordi dei skal synfare elva og kanskje/truleg vil padle den fleire gonger, kjem ein sannsynlegvis langt over 1.000 årlege tapte gjestedøgn.

Når det i begge søknadane vert hevda at konsekvensen i driftsfasen er Liten positiv for Næringsliv og sysselsetting, så kan dette berre vere basert på mangelfulle utgreiingar der ein stort sett berre har teke omsyn til dei positive verknadane, og sløyfa å ta med dei negative verknadane. Når det gjeld sysselsetting, så vil tapet av arbeidsplassar i Jølster Rafting aleine bli større enn talet på nye arbeidsplassar hos utbyggjarane. Tapet av overnattingsdøgn i reiselivsbedriftene vert så stort at det også truleg vil føre til tap av arbeidsplassar. Redusert inntening vil det 100% sikkert føre til.

Vi oppmodar NVE sterkt om å krevje ei betre og meir omfattande utgreiing av konsekvensane for Næringsliv og sysselsetting. Dette inkluderer mellom anna konsekvensane, inklusive økonomisk tap, av nedlegging av Jølster Rafting, konsekvensane, inklusiv dei økonomiske, av tapte overnattingsdøgn for bortfall av rafting, elvepadling og elvebrett, og dei tilsvarande konsekvensane for dei som driv serveringsstadar, butikkar etc.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

I Jølstra er det på utbyggingsstrekninga både store ålmenne interesser og store næringsinteresser som er i til dels Stor/Svært stor konflikt med utbyggingsinteressene. Frå før er det, i strid med NVE si tilråding til OED, gitt konsesjon til det svært konfliktfylte Kjøsnesfjorden kraftverk. Seinare er det også gitt konsesjon til eit stort tal småkraftverk rundt det meste av Jølstravatnet.

Vi registrerer at ingen av dei to aktuelle utbyggarane har vilje til, eller finn det økonomisk forsvarleg å ta omsyn til dei store andre "konkurrerande" interessene i vassdraget. Utbyggarane ønskjer begge å utnytte vatnet i elva tilnærma maksimalt, sjølv om dei veit at dette vil få store skadeverknader, ikkje berre for dei ålmenne interessene, men også i stor grad for andre næringsinteresser.

I ei slik elv som Jølstra er det etter vårt syn heilt uakseptabelt med ei utbygging der det utelukkande er utbyggarinteressene som skal ivaretakast. Konfliktane vert altfor store. Og dei vert forsterka av sumverknadane av dei mange andre til dels svært konfliktfylte utbyggingane i Jølster, der Kjøsnesfjordenutbygginga er den største og verste, men der også fleire andre er konfliktfylte. **Vi vil sterkt tilrå NVE å seie nei til begge dei to søknadane om bygging av Jølstra kraftverk!**

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)